



Arkivsaknr: 2024/922-3
Sakshandsamar: Sissel Mary Frotjold
Avdeling: Barnevern

SAKSFRAMLEGG

Tilstandsrapport Alver barnevernsteneste

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tar tilstandsrapport for 2024 til orientering

Politisk handsaming

Saka til innstilling i utval for levekår.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Barnevernstenesta skal årleg levere ein tilstandsrapport til kommunestyret. Føremålet med rapporten er å gje innsikt i tilstand, utvikling og reell status på viktige problemstillingar i barnevernet.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Årleg rapportering har vore eit krav sidan 2021 jf Barnevernslova § 15-3 bokstav e)
Kommunestyret sjølv skal minst ein gong årleg få ei redegjering om tilstanden i barnevernstenesta.

Kommunen si øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at tenesta er driven i tråd med gjeldande regelverk og at drifta er forsvarleg.

Tilstandsrapporteringa skal gje kunnskap og innsikt, samt vere ein del av ei god kvalitetsutvikling av barnevernstenesta.

Partar

Rapporten vert lagt fram politisk i samsvar med føringar i barnevernslova og kommunelova, men endeleg drøfting i kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding

Tilstandsrapporten for barnevernstenesta i Alver kommune 2024 vert teken til orientering.

Vedlegg

- 1 Tilstandsrapport.AlverBVT.2024